

Emnerapport [Haust 2020](#)

Emnekode og navn: [Andrespråkslæring- og undervisning \(NORAN104\)](#)

Faglærers vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring: [Undervisninga gjekk føre seg i klasserom fram til rund 9. sept. Då gjekk UiB gjekk over til digital undervisning fordi Bergen kommune innførte nye smitteverntiltak \(COVID-19\). Resten av semesteret gjekk undervisninga i hovudsak føre seg digitalt i Zoom, med unntak av nokre kollokvium.](#)

Strykprosent og frafall: [Ingen stryk og ca. 28% fråfall \(5 av 18\)](#)

Karakterfordeling: [A \(0\), B \(2\), C \(4\), D \(4\), E \(3\)](#)

Studieinformasjon: [Studentane har hatt tilgang til informasjon om emnet på nettsida til UiB. I tillegg har dei fått fortløpande informasjon på emnesida på Mitt UiB.](#)

Tilgang til relevant litteratur: [Bøker kunne kjøpast på Akademika. Elles var litteraturen tilgjengeleg gjennom UB eller Litteraturkiosken.](#)

Faglærers vurdering av rammevilkårene

Lokaler og undervisningsutstyr: [Det var ein del utfordringar i den første perioden med det tekniske \(strøyming\) i klasseromma, som gjorde at det fleire gonger tok ganske lang tid å koma ordentleg i gong med timen.](#)

Andre forhold: [Studentane hadde tilbod om følgja kollokvium med undervisningsassistent. Dette tilbodet nytta studentane svært lite, og tilbodet vart litt slutt trekt tilbake.](#)

Faglærers kommentar til student-evalueringen(e)

Metode – gjennomføring: [Det gjekk ut ei elektronisk evaluering. I tillegg til standardspørsmåla fekk studentane også spørsmål om kvifor dei ikkje nytta seg av tilbodet om kollokvium med undervisningsassistent. Det var svært låg respons på evaluering; berre 3 studentar svarte.](#)

Oppsummering av innspill: [Dei tre studentane som svarte, var jamt over nøgde. Alle tre svarte også på spørsmålet om kollokvium-deltaking, og dei svarte ulikt. Ein student hadde delteke på kollokvia og beklaga at tilbodet vart trekt. Dei to andre grunngav manglande oppmøte med at \(1\) tida ikkje strakk til, og \(2\) at det ikkje var nødvendig fordi det elles var rikeleg med forelesingar på emnet.](#)

Ev. underveistiltak: [Fordi studentane ikkje møtte opp i kollokvieundervisninga, vart tilbode trekt. Det som vart att av undervisningsassistenten sine timar, vart konvertert til vurdering av øvingsoppgåver \(obligatorisk arbeidskrav\).](#)

Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak:

[Ein del av erfaringane denne hausten er tett knytte til det å undervisa under ein pandemi, som fører til \(1\) mykje digital undervisning i Zoom, \(2\) mindre og annleis kontakt mellom student og faglærer og \(3\) uføreseieleg kvardag for både faglærer og student.](#)

[Det kan likevel trekkjast fram to meir generelle erfaring:](#)

- [1. Studentane nyttar kollokvietilbodet lite, også når det vart gjennomført i klasserom. Ein bør undersøkja om og i evt. kva grad dette har å gjera med pandemi-situasjonen, eller om det har andre årsaker.](#)
- [2. Ein bør ta ein kikk på pensum, td. vurderer å ta ut kap. 1 og 2 i Berggreen og Tenfjord \(1998\).](#)